

Forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter regelverket for forureining, Fitjar kommune, Vestland fylke

Heimel: Fastsett av Fitjar kommunestyre xx.xx.xx med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 52 a og forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) av 1. juni 2004 nr.931 §§ 2-12 og 11-4.

Kapittel 1 – Generelle føresegner

§ 1-1. Forskrifta sitt føremål

Forskrifta gjev kommunen heimel til å dekke kostnadane ved sakshandsaming og tilsyn som kommunen har som forureiningsmynde etter forureiningslova og forureiningsforskrifta.

§ 1-2. Forskrifta sitt verkeområde

Forskrifta omfattar høve der kommunen er forureiningsmynde etter føresegner gjeve i forureiningsforskrifta sine kapittel 2, 12, 13, 15 og 15A.

Forskrifta gjeld gebyr for sakshandsaming og tilsyn med:

1. Opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid
2. Utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustad, hytter og liknande
3. Utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå mindre tettstad
4. Utslepp/påsepp av oljehaldig vatn
5. Påsepp av feitthaldig vatn

§ 1-3. Kva gebyra dekker

Gebyr etter denne forskrifta skal dekke kommunen sine kostnadar med sakshandsaming og kontroll på dei områda forskrifta gjeld, medrekna dokument- og systemkontroll og stadlege tilsyn etter behov.

Gebyra skal ikkje overstige kommunen sine kostnadar for sakshandsaming og tilsynsordning, og skal reknast etter sjølvkostprinsippet.

Gebysats etter denne forskrifta inngår i kommunen sine gebyrregulativ og vert vedtatt årleg av kommunestyret.

§ 1-4. Innkreving

Sakshandsamingsgebyr skal betalast også ved avslag på søknad.

Gebyra er tvangsgrunnlag for utlegg jf. forureiningslova § 52 og tvangsfullbyrdslova § 7-2 bokstav e.

Kommunen kan i særlege tilfelle fråfalle eller redusere krav om gebyr. Høve som den gebyrpliktige sin privatøkonomi, busituasjon mv. vil ikkje vektleggast i denne vurderinga.

§ 1-5. Klage

Einskildvedtak fatta med heimel i denne forskrifta kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

Klager vert handsama av kommunen si klagenemnd. Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er påklaga.

Vedtak om storleik på gebyret er å sjå som forskrift og kan difor ikkje påklagast.

Kapittel 2 – Gebyr for sakshandsaming og tilsyn med opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

§ 2-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for kommunen si sakshandsaming og tilsyn med opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid, jamfør kapittel 2 i forureiningsforskrifta.

§ 2-2. Gebyr for sakshandsaming og tilsyn ved søknad om godkjenning av tiltaksplan

Det skal betalast eit eingongsgebyr for sakshandsaming og for tilsyn ved søknad om godkjenning av tiltaksplan.

Gebyr dekker kommunen sin sakshandsaming av tiltaksplanar, oppfølging av vilkår i vedtak, kontroll med handtering av forureina grunn på byggeplass, førebuing og etterarbeid ved kontroll og handsaming av sluttrapportar.

Tilsynsgebyret kan differensierast i intervall etter tiltaket sitt samla areal.

Gebyr sendast til tiltakshavar og fakturerast per tiltaksplan.

Kapittel 3 – Gebyr for sakshandsaming og tilsyn med utslepp av sanitært avløpsvatn

§ 3-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for kommunen si sakshandsaming og kontroll av utslepp av sanitært avløpsvatn inntil 50 personekvivalentar (pe) frå bustad, hytter, turistbedrifter og liknande verksemd, jamfør kapittel 12 i forureiningsforskrifta.

§ 3-2. Gebyr for handsaming av søknad om utsleppsløyve

Det skal betalast eit gebyr for sakshandsaming ved:

1. Søknad om utsleppsløyve for gråvatn
2. Søknad om utsleppsløyve inntil 15 pe.
3. Søknad om utsleppsløyve over 15 pe og inntil 50 pe.
4. Søknad om endring av utsleppsløyve.

Gebyret sendast til tiltakshavar.

§ 3-3. Gebyr for tilsyn av anlegg med utslepp av sanitært avløpsvatn

Det skal betalast eit gebyr ved tilsyn av avløpsanlegg. For gråvassanlegg skal det betalast ein lågare gebyrsats.

Gebyret vert berekna per anlegg.

Gebyret vert sendt til eigar av avløpsanlegget. Om det er fleire enn éin eigar av anlegget skal gebyret fordelast per eigedom som er knytt til anlegget. Eigar av anlegget er solidarisk ansvarleg for gebyret.

Kapittel 4 – Gebyr for sakshandsaming og tilsyn med utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettstader

§ 4-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for kommunen si sakshandsaming og kontroll av utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettstader, jamfør kapittel 13 i forureiningsforskrifta.

§ 4-2. Gebyr for handsaming av søknad om utsleppsløyve

Det skal betalast eit eingongsgebyr for sakshandsaming ved:

1. Søknad om utsleppsløyve
2. Søknad om endring av utsleppsløyve

Gebyret sendast til tiltakshavar.

§ 4-3. Gebyr for tilsyn av anlegg med utslepp av kommunalt avløpsvatn

Det skal betalast eit gebyr ved tilsyn av avløpsanlegget.

Gebyret vert berekna per anlegg.

Gebyret vert belasta eigar av avløpsanlegget.

Kapittel 5 – Gebyr for sakshandsaming og tilsyn med utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn

§ 5-1. Verkeområde

Kapittelet gjeld gebyr for kommunen si sakshandsaming og tilsyn med utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn frå:

- a. bensinstasjonar,
 - b. vaskehallar for køyretøy,
 - c. motorverkstedar,
 - d. bussterminalar,
 - e. verkstadar og klargjeringsentralar for køyretøy, fartøy, anleggsmaskinar og skinnegåande materiell, og
 - f. anlegg for understellshandsaming som enten har vaskeplass, smørjehall, servicehall eller liknande.
- Jamfør kapittel 15 i forureiningsforskrifta.

§ 5-2. Gebyr for handsaming av søknad om utslepp/påslepp

Det skal betalast eit gebyr for sakshandsaming ved søknad om løyve til utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn.

Gebyret vert sendt til tiltakshavar.

§ 5-3. Gebyr for tilsyn av anlegg med utslepp eller påslepp av oljehaldig avløpsvatn

Det skal betalast eit gebyr ved tilsyn av anlegg ol. som nemnt i § 5-1.

Gebyret reknast per anlegg.

Gebyret vert belasta eigar av anlegget.

Kapittel 6 – Gebyr for sakshandsaming og tilsyn av feitthaldig avløpsvatn

§ 6-1. Verkeområde

Kapitelet gjeld gebyr for kommunen si sakshandsaming av og tilsyn med påslepp av feitthaldig avløpsvatn frå verksemd. Jamfør kapittel 15A i forureiningsforskrifta.

§ 6-2. Gebyr for handsaming av søknad om påslepp

Det skal betalast eit gebyr for sakshandsaming ved søknad om løyve til påslepp av feitthaldig avløpsvatn frå verksemd.

Gebyret vert belasta tiltakshavar.

§ 6-3. Gebyr for tilsyn av feittutskiljar

Det skal betalast eit gebyr for tilsyn av feittutskiljar i drift.

Gebyret bereknast per feittutskiljar.

Gebyret for tilsyn vert belasta eigar av feittutskiljaren.

Kapittel 7 – Iverksetjing

§ 7-1. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft fra xx.xx.xxxx